

Kristian Hus med bok om eige liv og lokale hendingar.


08.10.2020



Kristian Hus er ute med si femte bok.

Skribent og mediemann Kristian Hus har blitt godt vaksen og ser attende på alt han har vore med på, og vitne til, gjennom 80 år i Kvinnherad. Kommunen har vore gjennom store endringar sidan Hus blei fødd i 1940, og i den seinaste boka hans får leserane nokre skimt av det som har skjedd. Kampane om vegar og tunnelar, raset i Mauranger for femti år sidan, ubåtjakta i sunnhordlandsbassenget i 1983 og flystyrt på Halsnøy i 1954 er blant sakene som Kristian skriv om i boka. Tunnelstriden som splitta Høgre har også fått plass i boka, like eins den historiske flylandinga på eit lite jorde i Rosendal i 1946. Alt dette og mykje meir, har festa seg i minnet til 80-åringen.

I tillegg reflekterer han over si eiga historie frå barndomen i Skålafjæro, læretida i Haugesund, militærtenesta, jobben i Grenda og etablering av trykkeriverksemد og seinare avisar Kvinnheringen på Husnes. Han er òg innom tida som redaktør på Svalbard og nærradio i Sunnhordland før han utforskar andre medium og engasjerer seg i eldrepolitikken i kommunen.



Boka på Skimtvis forlag handlar om livet og lokalmiljøet gjennom 80 år.

Slik bind Kristian saman sitt eige liv til omveltingane i Kvinnherad, og gjennom rikt illustrerte sider gjev han lesaren skimt frå livet og lokalmiljøet gjennom 80 år.

Hus er fødd i Rosendal og bur no på Husnes. Han har drive Kvinnheringen og seinare gjeve ut fleire bøker.

Den tidlegare friidrettsmannen Kristian har runda dei åtti, men er han i mål? Neppe. Han har alltid vore undervegs. Stadig nye idear og nye mål å nå, skriv tidlegare redaktør og kollega, Sjur Tjelmeland i boka.

Dette er den femte boka grafisk designar Kristen Børje Hus har laga i samarbeid med far sin, også denne gongen er det blitt ei fin og tiltalande bok.

Boka kan kjøpast på bokhandelen i Rosendal og på Husnes, dessutan frå Skimtvis forlag. kristian@skimtvis.noeller www.skimtvis.no

Uskedalen.no vil ved gjennomlesing skriva om kva hendingar og relasjonar det er til Uskedalen.

Tekst/foto: Pressemelding
Nett: Kristian Bringedal